

Folkemøte på Granvin:



Ordførar Solveig Sundbø Abrahamsen var veldig fornøgd med at så mange deltok på møtet. Foto: Kari Smeland

Fleire eldre, færre unge – korleis ser Seljord kommune ut om ti eller tjue år?

– De er ikkje fattige, de er ein rik
kommune – de kan berre ikkje styre

pengane, sa Håvard Moe til seljordingane på onsdagens folkemøte.



Kari Smeland JOURNALIST

PUBLISERT 30.04.2026 - 05:30

SIST OPPDATERT 01.05.2026 - 18:17

«Tid for taktskifte» – berekrafta i Seljord kommune og Kommune-Noreg fram mot 2040 – det var tittelen på foredraget Håvard Moe heldt for ein ganske så fullsett sal på Granvin kulturhus onsdag kveld.

– Eg må ta eit bilde, fordi eg synest det er så moro at så mange kjem for å høyre om kommuneplanlegging, sa Moe og knipsa publikum.



Seljordingane møtte opp for å få høyre om framtida til heimkommunen. Foto: Kari Smeland

Moe jobbar som rådgjevar i KS Konsulent og reiser mykje rundt til kommunar i heile landet. [VTB har fleire gonger skrive om arbeidet han har gjort i Vinje kommune i det siste](#). Bodsken til Moe er at me får fleire eldre og færre yngre, og kommunane er ikkje budd på dette, og dei må tenke annleis enn dei gjer i dag.

– Om me tviheld på at alt skal vere akkurat slik som det alltid har vore, då går det ikkje, meiner Moe.

Døme på dette kan vere skular, kommunegrenser og legekantor. Tala viser at økonomien i kommunen har hatt ei negativ utvikling. I 2022 var netto driftsresultat 14 millionar. I 2025 var talet – 3,8 millionar. Likevel meiner ikkje Moe at kommunen er fattig.

– De er ikkje fattige, de er søkkandes rike – de kan berre ikkje styre pengane. Dykk må legge bort nokre vanar.

Fleire gonger sa Moe at det var naudsynt med ein skulestrukturdebatt i kommunen. Dei store barnekulla som vart fødd etter krigen byrjar å bli eldre, dei som er født i 1946 blir 80 i år, folk lever lenger enn før, og me får fleire eldre. Samstundes får me færre barn. Færre barn betyr kutt i skule og barnehage.



Håvard Moe reiser rundt til kommunar i heile landet. Onsdag var det Seljord sine tur. Foto: Kari Smeland

Meiner ikkje svaret er å legge ned skulen

– Det er jo ikkje noko nytt, og han har mange gode poeng. Når det blir færre barn blir det mindre ressursar. Men om me legg ned Flatdal skule, blir heile den delen av kommunen nesten som ein nasjonalpark.

Det seier Terje Haugland. Han er engasjert innbyggjar som har kome på folkemøtet. Han bur i Flatdal og er også rektor på skulen i bygda. Jarand Barstad er også frå Flatdal og er einig i at dei må tole noko endring – men å legge ned ein skule er ikkje berre å legge ned ein skule.

– Og eg har ikkje ungar ein gong, seier han.



Terje Haugland (t.v.) og Jarand Barstad er einige i at endring må til, men meiner svaret ikkje er å legge ned skulen i Flatdal. Foto: Kari Smeland

– Min generasjon kan godt køyre litt for å få ulike tenester. Det er ikkje noko problem. Men ein skule er så viktig for eit bygdesamfunn. Ta Åmotsdal for eksempel, der er skulen lagt ned og, unnskyld at eg seier det, den bygda er død.

Gamle eller unge – kva har me råd til?

Etter Moe sitt innlegg var det tid for paneldebatt. I panelet var ordførar Solveig Sundbø Abrahamsen, innbyggjarrepresentant Håkon Minnesjord Solheim, Håvard Moe og kommunedirektør Beate Våge Lia. Samtala vart leia av VTB-redaktør Øystein Øygarden og VTB-journalist Kristin Tangen Tolo.



Solveig Sundbø Abrahamsen (f.v.), Håkon Minnesjord Solheim, Håvard Moe, Beate Våge Lia og Øystein Øygarden.
Foto: Kari Smeland

– Kor mykje hastar det for Seljord, spurte Øygarden.

– Det er klart det hastar! Vanskelege val kan ikkje løysast ved å ikkje ta dei. Å ikkje ta eit val er også eit val, svara han.

Moe fyra av fleire faklar ut til publikum:

– De kjem til å legge ned Flatdal skule. Om ti år er den borte, og det kjem til å gå heilt fint.

Han fekk svar for i publikum sat fleire engasjerte innbyggjarar, ei av dei var Anne Lognvik som har flytta heim att til Seljord. Ho påpeikte at ho truleg ikkje var i den mest ønskje aldersgruppa for heimflyttarar. Lognvik tala varmt for å prioritere barn og unge.

– Om eg kjem i ein situasjon der eg treng hjelp og må til Nesbukti, då vil eg heller bu på firemannsrom. Me må satse på dei unge, og me må ikkje legge ned grendeskular, sa ho.



Anne Lognvik meiner kommunen må satse på barn og unge. Foto: Kari Smeland

Moe sa fleire gonger at det er ein skulestrukturdebatt i Seljord.

– Me har ikkje det denne perioden, svarar ordførar Solveig Sundbø Abrahamsen til VTB.

– Me har tre barnehagar i kommunen, nye Flatdal skule opna i 2023 og er 1. – 7. skule. Er det noko der? Me må sjå på heilskapen. Alt skal under lupen. Driv me rasjonelt, legg ho til.

I debatten hevda Moe at Flatdal skule er lagt ned om ti år.

– Trur du det, spurte Øygarden under debatten.

– Eg skal ikkje tru noko som helst, svara ordføraren.

– Me må tora å ta debatten, og det gjeld ikkje berre skulestruktur, la ho til.

Både nåverande kommunelege Kine Jordbakke og tidlegare kommuneoverlege Elisabeth Svendsen hadde innspel til debatten.

Nåverande kommunelege Kine Jordbakke (t.v.) og tidlegare kommuneoverlege Elisabeth Svendsen hadde begge innspel til debatten. Foto: Kari Smeland

– Me må også tore å snakke om at me ikkje kan redde alle. Me har ikkje råd til alt, sa Jordbakke.

Til dømes kan kanskje ikkje alle eldre blir utreda for kreft eller kanskje ikkje alle kan få heimesjukepleie om dei bur i ein utkant av kommunen.

Innbyggjarrepresentanten i panelet Håkon Minnesjord Solheim, har med seg erfaring med å vere pårørande til brukar av eldreomsorg, å ha barn i barnehage og skule i ein by, og etter å ha flytta til Svartdal i Seljord kommune, prøvd det same her. Han fullrosa tenestene.

– Eg hadde valt eldreomsorga i Seljord 100 av 100 gonger, sa han.



Håkon Minnesjord Solheim vart kalla ein draumeinnbyggjar. Årsaka er at han, og broren, har tatt med seg familiane å flytta frå by til Seljord. – Verdas beste kommune å bu i, sa han. Foto: Kari Smeland



Vest-Telemark blad

© Vest-Telemark Blad. Alt innhald er opphavsrettleg beskytta. Vest-Telemark Blad arbeider etter Vær Varsom-plakatens regler for god presseskikk.

Pressens faglige utvalg
Redaktørplakaten
Personvern og informasjonskapslar

Ansvarleg redaktør:
Øystein Øygarden

Dagleg leiar:
Tor Arve Vartdal

Kontakt oss

Redaksjonen
Kundeservice
Annonse

Besøksadresse

Kviteseidgata 22, 3850 Kviteseid

Postadresse

Postboks 33, 3836 Kviteseid

Opningstider

Sentralbord mån-fre: 08:00–16:00 Telefon: 35
06 88 00

Tasteval 1 for Sentralbord

Tasteval 2 for Abonnement

Tasteval 3 for Annonse/sal

Powered by Labrador CMS